

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

---

## KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

### VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.

#### a. Lengre innskrifter

[**862**] N-79145. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: [47]; NOR 1989: 7.)

Innskrifta står på eit fragment av ein tilverka beingjenstand. Fragmentet 30 mm langt, 23 mm breitt på det breiaste og 3,5 mm tjukt. Det kan sjå ut som enden på eit skaft av eit eller anna slag, utan at spørsmålet om funksjon kan fastsetjast sikkert. Funnet vart gjort i 1984 i felt FN i laus fyllmasse som vanskeleg kan daterast arkeologisk. Det er runer på den ein flatsida av gjenstanden som elles er utstyrt med to parallelle snitt langs kvar av kantane på båe sider. Innskrifta er gjort med eit heilt anna og mykje tynnare riss enn desse snitta som ser ut til å vera gjorde som ei eller anna form for dekorasjon. Snitta tener likevel som øvre og nedre råme for innskrifta som såleis ser ut til å vera laga etter at gjenstanden er gjort ferdig. I brotkanten er det restar av eit snitt av same slag som resten av innskrifta. Det kan tyda på at gjenstanden opphavleg har vore lengre i båe retningar enn det vi har bevart. Frå og med dette risset som vi her vil kalla r. 1, er innskrifta 34 mm lang. Runene er 11-12 mm høge. Av r. 1 er det altså eventuelt berre bevart nedre del av staven. Frå eit punkt i forlenginga av stavresten og opp mot høgre ligg eit mykje djupare snitt enn det resten av innskrifta er rissa med. Snittet ligg såleis til at det saman med resten av staven kan tenkjast å ha vore ein **k**, men slik gjenstanden er bevart, lyt likevel lese måten her stå open. Mellom r. 1 og r. 2 er det markert større avstand enn mellom r. 2 og følgjande. Overflata er her skadd, så eit eventuelt ordskilje ville ikkje lett kunna lesast no. Staven i r. 2 er sikker. Ei svært svakt og utydeleg grop på skrått over staven *kan* vera restane av ein kvist. Runa er i samsvar med det lesen som usikker **æ**. Etter r. 2 er det i eit noko defekt parti usikre restar etter eit snitt frå toppen. Avstanden fram til neste stav i full lengd (r. 4) tyder på at det er avsett plass til ei rune før denne staven. Etter alt å dømma har det vore ein kortkvist **s** (r. 3). Toppen av r. 4 er defekt, men det er ingen sikre spor etter kvistar i forlenginga av denne staven. Heile staven på r. 5 er ganske godt bevart. Midt på staven er dregen ein relativ stor sirkel eller ring, mykje godt tilsvarande r. 1 i N688 frå Bryggen i Bergen, der runa truleg med rette er oppfatta som **øy**. R. 6 har godt bevart stav og boge som kryssar over staven. Det ser helst ut til at dette er resultat av litt rask og skøytelaus rissing, og runa må nok oppfattast som **p**. R. 8 har likeins godt bevart

stav i full lengd og tydeleg kvist om lag frå midten og ned til høgre. Runa må tvillaust lesast som **n**. Mellom r. 8 og 9 er det atter noko større avstand enn mellom kvar av dei føregåande runene (8,5 mm). Storparten av staven på r. 9 er bevart og likeins ein kvist frå midten og opp til høgre. Runa må ganske sikkert kunna lesast som **k**.

-- .] †(?) ' (?) | (?) ϕ ρ | † † † (?) [---

-- .] **i**(?) **s**(?) **i**(?) **ø** **y**[?] **p i n k**(?) [---

Den sekvensen av runer og moglege runer som såleis er bevart, vil isolert sett kunna segmenterast på ulike vis som i seg sjølv kunne gi eit fragment av ei språkleg meining t. d. *? es í eyðin g--* " ? som i øyda g?". Ettersom innskrifta her elles må seiast å stå så godt som utan kontekst, både språkleg og ikkje-språkleg, vil slike løysingar likevel ikkje bli anna enn spekulasjon.